

Jon Tvedt 1966 - 2009. Minneord

Søndag 11. januar 2009 sprang motbakkekongen Jon Tvedt ut av tida så altfor tidleg berre 42 år gamal. Nedanfor kan du lese minneorda om Jon Tvedt som Christian Prestegård har skreve i dag.

Søndag 11. januar 2009 sprang motbakkekongen Jon Tvedt ut av tida så altfor tidleg berre 42 år gamal. For meg stoppa tida då eg fekk den triste og tragiske meldinga om at Jon hadde omkome under sin tradisjonsrike (søndags-)treningsstur på Gullfjellet ved Bergen, - i eit område han elska å springe i. Det var ikkje til å tru at den aller beste og mest veltrente av oss til å springe i bratte motbakkar og ulendt fjellterreng skulle omkome på tragisk vis på si eiga heimebane,- Dei faste søndagsturane på Gullfjellet gav Jon ny inspirasjon og energi til å takle livets ulike motbakkar som han hadde meir enn nok av .



Jon 200m frå mål i Skåla 1848m rett opp i 2008. Foto Christian Prestegård

Dette vart formidla i NRK-TV-programmet 1. oktober 2007 ” Året det var så bratt ” om Jon Tvedt og hans multihandikappa son Jens på 3 år . Det kontrastfylte programmet om livets motbakkar, oppturar, gleder og sorger gjorde eit sterkt inntrykk på ” heile Noreg” . Programmet starta med inngangen til 2007 der Jon formulerte to hovudmål for 2007: Det eine var å sette rekord i Skåla 1848m rett opp, det andre var å få sonen til å lære seg å gå. I innleiinga seier Jon til sonen ” Sånn må du lære deg å gå. Du må holde deg, skjønner du. - Pappa kan ikke holde deg hele livet” No må Jens stå og gå utan pappas hjelp.

Tankane i dag går fyrst og fremst til lille Jens , den 12 år gamle dottera Laila og hans næraste familie som på brutalt vis har mista sin kjære. Orda strekk ikkje til Oppturen for motbakkeløping i Noreg har fått sin fyrste store nedtur og tomrommet

etter Jon Tvedt er det ingen som vil klare å fylle. Det er den store frontfiguren blant motbakkkeløparane som har gått bort. Jon vart det store fyrtårnet for den nye nasjonale motbakkkeløp-bølge med sine rå sigrar og rekordar i det eine motbakkkeløpet etter det andre. Han vann alle 4 NM i motbakkkeløp som har vore arrangert, og når det handla om tøffe og bratte motbakkefjelløp var det ingen nordmenn som klarte å slå han.

I 2007 vann Jon Tvedt Skåla 1848m rett opp på ny løyperekord 1.08.39 under vinterlege og vanskelege løpsforhold. I går bestemte arrangøren at løyperekorden til Jon Tvedt blir ståande til evig tid for å heidre minnet om Jon Tvedt. Mange av verdas fremste motbakkkeløparar har delteke i Skåla Opp, men ingen har klart å springe raskare enn Jon Tvedt . Løypetraseen opp frå Skålavatnet blir i år lagt i ein ny og forbetra sti som gjer løypa minst 2 minuttar raskare for dei beste.



Jon i Stoltzekleiven Opp 2006. Foto Jan Kocbach

I år byrjar ei ny tidsrekning ikkje berre for Skåla 1848m rett opp, men for heile motbakkerørsla i Noreg og ikkje minst for alle dei andre motbakkkeløparrangørane som i dag har Jon Tvedt som løyperekordhaldar Blant desse er Stoltzekleiven Opp, Fanaråken Opp, Storehesten Opp, Saudehornet Opp, Varden Opp, Nesaksla Rett Opp, Svinestrandløpet, Eggenipa Opp, Ulriken Opp, Hanguren Opp, Trappeløpet Høyanger, Vetendløpet og Blåhø Opp.

Det var i 1995 at orienteringsløparen Jon Tvedt , med 10 NM-gull i orientering, debuterte som motbakkkeløpar i Stoltzekleiven Opp i Bergen og sette det som er vorte ein historisk løyperekord på 8.13. Deretter vann han løpet sju gonger og står med dei 4 beste tidene som er oppnådd i løpet dei 30 åra løpet har vore arrangert. Det er verd å merke seg at det berre er 10 sekundar mellom rekorden som han sette som 29 åring og tida som 42 åring i 2008, då han vann på 8.23, året før vann han på 8.19. Ikkje rart at Bergensarane kallar Jon for Stoltzekongen.



Jon passerer 2000 moh på veg mot sitt tredje NM-gull i motbakkeløp i Fanaråken Opp 2007. Foto Christian Prestegård

Jon Tvedt levde for å springe ute i naturen og aller helst oppover i fjella mot toppane, og vart ein einestående ambassadør for motbakkeløping ” Motbakkeløping er verdas flottaste idrett” , sa Jon mange gonger når han blei intervjuet av media, og **Jon har mykje av æra for den store oppturen for motbakkeløping i Noreg.** Ingen motbakkeløpar, ja knapt nokon kondisjonsidrettsutøvar i innan sommaridrettane vart meir og oftare omtala i media enn Jon Tvedt. Etter berre nokre få singlar i motbakkeløp fekk han meir positiv PR og omtale i media enn han hadde fått gjennom 20 år som topp nasjonal og internasjonal orienteringsløpar.

Då Jon i fjor vart intervjuet av Kristin Roset i boka Motbakkemoro sa han at han ikkje fyrst og fremst sprang for å konkurrere. Det viktigaste for Jon var å få vere i aktivitet i fjellet og oppleve den unike kjensla av å kome på toppen av eit fjell etter å ha sveitta godt oppover bakkane. ” Det er premie i seg sjølv å stå på toppen og nyte utsikta” Jon hadde sjølv alltid med seg fotoapparatet og foreviga dei store naturopplevingane. I fotoarkivet hans ligg det i dag tusenvis av praktfulle bilete også frå dei 5 gongene han fekk representere Noreg i EM og VM i motbakkeløp.

Ein stor og einestående idrettsmann har gått bort, men alle dei positive minna om Jon Tvedt vil leve vidare. Vi lyser fred over hans minne

Mvh

Christian Prestegård

Medlem i EUROPEAN ATHLETICS MOUNTAIN RUNNING COMMISSION

Fagansvarleg i Norges Fri-idrettsforbunds for motbakkeløp

Redaktør på www.kondis.no/motbakke

13.01.09 Christian Prestegård